



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Møteprotokoll for Seniorrådet

Møtedato: 01.06.2026
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: kl 09.30 - 11.30

Møtedeltakarar	Parti
Asbjørg Kvame Hetlesæter	KrF
Endre Gjil	U
Johanne G. Myklebust Hetland	U
Kirsti Flatø	U
Olav Sigmund Østerhus	U

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel
012/26	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
013/26	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
014/26	REFERAT- OG DRØFTINGSSAKER
015/26	KOMMUNEDIREKTØREN ORIENTERER
016/26	Videre planlegging eldredagen 2026
017/26	Årsmelding Seniorrådet 2025

012/26: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Forslag til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent slik dei ligg føre.

01.06.2026 Seniorrådet

Behandling:

Røysting:

ELD - 012/26 Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent slik dei ligg føre.

013/26: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Forslag til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent slik den ligg føre.

01.06.2026 Seniorrådet

Behandling:

Røysting:

ELD - 013/26 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent slik den ligg føre.

014/26: REFERAT- OG DRØFTINGSSAKER

Sakene tas til orientering.

01.06.2026 Seniorrådet

Behandling:

Rådet ynskjer å arbeide med temaet einsemd blandt eldre. Sett dette opp som sak til neste møte, og inviterer inn folkehelsekoordinator.

Rådet ynskjer ei orientering om dagtilbod for eldre på neste møte. Er det venteliste på dagsenter, er det fleksibilitet i ordninga.

Det skal avhaldast temamøte i kommunestyre i september med tema rekruttering og bustad. Seniorrådet er engasjert i utvikling av aldersvennlege bustader og det stilles spørsmål om rådet ev. nokre medlem kan delta på temamøte. Sekretær undersøker og sender svar til rådet per mail.

ELD - 014/26 **Vedtak:**

015/26: KOMMUNEDIREKTØREN ORIENTERER

Forslag til vedtak:

Saka vert tatt til orientering

01.06.2026 Seniorrådet

Behandling:

Protokoller frå møte i medverknadsråd vil for framtida sendast til kommunestyret for orientering. Jamf. vedtak kommunestyre 28.05.26.

Status samlokalisering omsorgstenester: det publiserer snart konkurranse på ekstern prosjektleiar bygg, med mål om å ha prosjektleiar på plass til hausten. Det vil bli lagt fram ei politisk sak til kommunestyret i september med valg av utbyggingsform; bygge sjølv eller leige via Allstad med Samfond.

Ungdomsskule: planlegg å ta i bruk etter haustferien.

Organisasjon i vågen: lyst ut nyoppretta stilling som leiar invistering, kultur og kundekontakt.

Status ambulansestasjon: kommunen må bygge ny brannstasjon. Ambulansestasjon er tegna inn i same bygg slik at det blir ei samlokalisere brann og ambulanse.

Folkehelsekongress seniorer 17.september i Spinneriet: Sverre Ullhving held foredrag.

Symjehall: Nytilsett bademeister informerer om symjehallen som opner til hausten. Bademeister er ansvarleg for drift og planlegging av bruk av bassenget. Dimmensjonen på bassenget er 21x25 meter. Bassenget er delt i to med ein skiljevegg, og den eine delen har hev-senk botn og moglegheit for høgare temperatur. Skiljeveggen kan fjernast ved behov/konkurransar. Symjehallen har eit hoppetårn på 3 meter og stupebrett på 1 meter. Det må vere to badevaktar tilstades når hallen er open.

Bademeister ber rådet om innspel til bruk av symjehallen, rådet har følgande innspel:

- ynskje om tilgjengeleg helsebasseng (vatnet oppvarma til 32 grader). Kan starte med helsebasseng ein gong i veka og auke opp viss behovet tilseier det.
- ynskje om gruppetrening med veiledning av f.eks fysioterapeut. Det treng ikkje vere eiga gruppe for seniorer, kan vere i lag med fleire.
- av moglege tidsrom trur rådet at etter kl 14:30 er det beste for seniorar
- ynskje om eit kafehjørne/migleområde i forbindelse med symjehallen. anbefalar å høyre om frivillige kan drifte ein kafe.

ELD - 015/26 **Vedtak:**

Rådet har følgande innspel til symjehallen:

- ynskje om tilgjengeleg helsebasseng (vatnet oppvarma til 32 grader). Kan begynne med helsebasseng ein gong i veka og auke opp viss behovet tilseier det.
- ynskje om gruppetrening med veiledning av f.eks fysioterapeut. Det treng ikkje vere eiga gruppe for seniorer, kan vere i lag med fleire.
- av moglege tidsrom trur rådet at etter kl 14:30 er det beste for seniorar
- ynskje om eit kafehjørne/migleområde i forbindelse med symjehallen. Anbefalar å høyre om frivillige kan drifte ein kafe.

Dei andre sakene vart tatt til orientering.

016/26: Videre planlegging eldredagen 2026

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

01.06.2026 Seniorrådet

Behandling:

Påmeldingsfrist til arrangement på Smaken av Ryfylke settes til 22.09. Endre lager plakat. Annonsering starter frå 15.august. Kundesenteret ynsker at påmeldinga til årets arrangementet skal vere digital via Hoopla. Seniorrådet trur digital påmelding kan vere utfordrande for enkelte deltakarar, og ynskjer at det også skal vere mogleg å melde seg på via telefon som tidliager år. Sekretær melder dette tilbake til kundeseneteret. Viktig at påmelde oppfordras til å notere ned kva middag dei har satt seg opp på ved påmelding.

Arnfinn Fiskå er årets føredragshaldar. Rådet ynskjer at han held eit humoristisk innslag om det å bli eldre/eldrebølga. Ift honorar og reisegodgjersle må det avklarast om han har eit føretak, for då kan han sende faktura til kommunen. Viss han ikkje har føretak må kommunen finne ein annan måte å betale ut honorar på som fungerer.

Tilbakemelding til restauranten: føredragshaldar treng talastol/bord og mikrofon. Ynskjer at betaling vert tatt ved borda og at gjestene får lapp som viser kjøttrette eller fiskerett ved inngong.

Kaker til omsorgssentera: Johanne ringer og bestiller kaker på Ryfylke bakeri, faktura sendes til kommunen. Sigmund og Kirsti leverer ut kakene.

ELD - 016/26 Vedtak:

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

017/26: Årsmelding Seniorrådet 2025

Forslag til vedtak

Årsmelding Seniorrådet 2025 vert godkjent og sendt til kommunestyret for orientering.

01.06.2026 Seniorrådet

Behandling:

ELD - 017/26 **Vedtak:**

Årsmelding Seniorrådet 2025 vert godkjent og sendt til kommunestyret for orientering.